



Det er eit samla Rosendalslag som satsar på å sikra opprykket.

A-laget til Rosendal skaffa seg eit bra utgangspunkt for å klara opprykk til 5.divisjon då dei i ettermiddag vann den første kvalifiseringskampen mot Nordre Holsnøy 2 - 1. Kampen gjekk på kunstgrasbanen i Rosendal. Sjølv om laget vann, er absolutt ingenting avgjort! Bortekampen neste laurdag vert svært spennande.

Kampen starta nervøst, og spelet var noko upresist. Dei store sjansane let venta på seg, og det måtte ein dødball til for å gje scoring. Kjetil Helvik slo ein god innoverskrudd corner frå venstre. Denne heada ein av Nordre Holsnøy sine spelarar i eige mål. Dermed gjekk heimelaget opp i leiing etter 35 minutt. Etter dette hadde Rosendal bra kontroll, og bortelaget fekk sin første sjanse på overtid i omgangen. Dei fekk til og med to klare sjansar på overtid, og begge kom av ubesluttomhet i forsvarsspelet. Heldigvis vart det ikkje mål, og dermed vart pauseresultatet 1 - 0.

2 minutt etter pause var det klart for mål til bortelaget. Eit skot frå skrått hald gjekk forbi både forsvarsspelarar og keeper og inn ved motsett stolpe. Den kunne nok ha vore unngått. No venta ein periode med Nordre Holsenøy-press. Dei hadde eit par store sjansar, derav ein ferdigscora, utan å få uttelling.

Etter 20 minutt fekk Rosendal ein god sjanse etter godt spel. Etter dette heldt dei trykket oppe, og no var det Nordre Holsnøy som var dårlege i klareringsspelet. Det resulterte i ei rekkje innkast og trykk mot bortelagsmålet. Dette enda i hands, og dommaren peika på straffemerket. På straffen var Yngve Enæs iskald og sikker. 2 - 1! Like før slutt kunne bortelaget ha utlikna etter corner medan begge lag hadde kvar sin store sjanse på overtid. Spenningen varte heilt til dommaren bles av, men velspelt vert ikkje kampen hugsas som. Det var bra med publikum som såg kampen.

Før bortekampen er det svært spennande. Ekstra spennande vert det sidan Nordre Holsnøy sikra seg eit viktig bortemål. Arvid Nes i fotballgruppa håpar mange supportarar vil støtta laget i den avgjerande kampen neste

laurdag. Det vert sett opp stor ekstrabuss, og dei som vil oppleva den store spenninga, kan ta kontakt med Arvid.

Vi seier tvitvi og lukke til!



[Hermund Døssland midt på bilde viste glimt av talentet sitt.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland